

Oppdragsspesifikasjon – Prosjekt likeverd, likestilling og inkludering

Oppdragsgjevar: Fylkesdirektør økonomi og organisasjon Ingrid Holm Svendsen

Bakgrunn og formål for prosjektet

09.12.2014 handsama Fylkestinget saka "Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar" (sak 82/2014). Slikt vedtak vart fatta:

- Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til rullering av handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar. ... Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeide ein generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering. Det betyr at denne handlingsplanen for homofile, lesbiske, bifile og transpersonar vert del av den nye generelle planen.

10.06.2008 vedtok Fylkestinget Tiltaksplan for likestilling og likeverd i Hordaland fylkeskommune (sak 21/08). Denne planen skal no reviderast, jfr. Overordna HMT-plan 2014-2017. Oppdraget frå Fylkestinget vert tolka slik at dei bed om at det vert utarbeidd ein generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering som gjeld alle dei områda som fylkeskommunen har ansvar for.

Resultatet av dette prosjektarbeidet skal altså vera ein generell handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering.

Handlingsplanen skal vera eit viktig verktøy for å gje HFK kunnskap, verkemiddel og retningslinjer til å setja i verk moglege tiltak, slik at me vert inkluderande og ikkje diskriminerande i utøvinga av samfunnsoppdraget vårt. Dette gjeld både i rolla som arbeidsgjevar, som arbeidsplass, i skulen og i den offentlege tenesteytinga.

Tentative tids- og kostnadsrammer

Prosjektet vert sett i gang oktober 2015, og målet er å ha eit utkast til handlingsplan klar i løpet av januar 2016, og politisk handsaming våren 2016.

Prosjektet vert gjennomført av internt tilsette personar. Moglege kostnader ut over internt timeforbruk vert minimale, og er knytte til møtekostnader, reiseutgifter og eventuelt overtidsarbeid/frikjøp for å koma i hamn innan tidsfristen.

Organisering

Prosjektet vert organisert med ein prosjekteigar, ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe. Prosjekteigar er identisk med oppdragsgjevar.

Styringsgruppa:

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon Ingrid Holm Svendsen, HR-direktør Geir Davidsen og Leiar seksjon skule, Opplæringsavdelinga, Linda Farestveit.

Prosjektgruppa:

Ruth Brudvik, leiar/BHT-sjef, Benedicte Meyer, sekretær/hovudtillitsvald Udf., Frode Mannsåker, HR-leiar, Laila Kleppe, seniorrådgjevar, Opplæringsavd., Anne Mette Nesje Porten,

spesialrådgjevar, Regionalavdelinga, Mari-Kristin Morberg, rådgjevar/mobbeombod Opplæringsavd., Jorunn Bakke Johannessen, fylkeshovudverneombod, Sølve Sondbø, hovudtillitsvald Naturviterne

Prosjektgruppa vel om dei vil knyta til seg andre personar dersom dei har trong for ekstra kompetanse.

Andre rammer eller avgrensingar

Dato/ signatur